



Populær gjest- sjølvaste julenissen.

**Det var godt med folk i Aktivitetshuset onsdag kveld då turngruppa arrangerte juleavslutning for barnegruppene. Medan regnet hølja ned ute, fekk dei frammøtte seg ei skikkeleg kosestund inne i hallen.**

Programmet starta med ei flott oppvisning av dei aller yngste. Under leiing av Elisabeth Steinsvik framførte nissekledd 3 – 6 åringar "Peter slår med ein hammar". Kjempeflinke var dei!! Velfortent applaus fekk dei sjølvstolt frå eit stolt og kyndig publikum.

Idrettsskulen fulgte opp med eit variert program. Dei viste at dei kunne både turna, dansa break-dans og hoppa høgde før dei avslutta med eit forrykande dansenummer til musikk av Michael Jackson-slagaren "Beat it!". Ei flott avslutning på eit godt program under leiing av Hege Lekva!



Beat it- tøft og forrykande!

Etter oppvisninga var det salg av kaker, saft og kaffi. Stemninga rundt småborda var god og medan drøsen gjekk godt, vart det seld lodd, etterfulgt av trekning.

Tilslutt samla borna seg og song inn ein kjærkommen gjest; julenissen! Han skuffa ikkje og delte ut små poser med julegodt til alle. Det fortente verkeleg dei flinke og snille borna! Og eg trur ikkje nissen gløymer kor flinke dei var. Eg trur han dukkar opp med fleire overraskingar til borna i tida fram mot julekvelden.

Leiaren i turngruppa, Janne Hjørnevåg, takkar for det gode frammøtet. Ho og medhjelparane hennar gjer ein svært god jobb. Turngruppa har hatt ein jamn og svært godt aktivitet gjennom mange år. Dei er eit viktig og godt tilbod til alle aldersgrupper. Janne og dei andre som syt for det, fortener verkeleg takk for innsatsen!

Janne fortel at barnetrimmen tar juleferie no medan vaksentrimmen held på ei stund til.



Flinke og flotte smånissar.

Av: Thor I. Døssland



Stor aktivitet!